



Alversund skule

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1136 - 17/10339

Saksbehandlar:
Dina Merete Kal Dyrhovden
dina.dyrhovden@lindas.kommune.no

Dato:
03.04.2017

Etablering av Kommunalt foreldreutval KF for barnehage og grunnskule

Levekårsutvalet gjorde i sak 010/16 16.02.16 slikt vedtak:

Kommunalt foreldreutval for barnehage og grunnskule blir etablert frå og med hausten 2016. Rådmannen førebur denne prosessen.

Bakgrunn

Det er gjort vedtak om å etablere eit fora på overordna nivå som gir rom for dialog, samhandling og innspel til saker som vedkjem alle barnehagane/skulane i kommunen eller andre relevante saker inn mot oppvekstsektoren. Kommunalt FAU skal vere eit verktøy for å sikre reell brukarmedverknad i utviklingsarbeid og ein kanal for tettare dialog mellom føresette og overordna administrativ leiing i kommunen, med ei kort linje til politisk utval og leiing.

Representasjon

Om alle barnehagar og skular, private og kommunale, vil dette vere eit utval på 25 foreldrerepresentantar. Med eit så stort utval, kan ein risikere at det blir lagt vekt på informasjon og korte spørsmål, meir enn reell medverknad via dialog og samhandling. For å kompensere for dette, rår rådmannen til å rekruttere representantar til utvalet frå dei tre krinsane i kommunen; Lindås, Ostereidet og Knarvik. Ein sikrar deltaking både frå ungdomsskule, barneskule og barnehage samt representantar både frå privat og kommunal drift av barnehage og skule, ved å arbeide dette inn som prinsipp for nominasjon og val. Representantar vert valt for 1 eller 2 år for å sikre kontinuitet. Kommunalt FAU får då 11 representantar og er representert slik:

Representantar frå skule

Ostereidet krins	Lindås krins	Knarvik krins
Repr ungdomsskule (2 år)	Repr ungdomsskule (1 år)	Repr ungdomsskule (2 år)
Repr for barneskule (1 år)	Repr barneskule (2 år)	Repr barneskule (1 år)
	Repr privat skule (2 år)	

Representantar frå barnehage



Sone Aust	Sone Nord	Sone Sør
Repr barnehage (priv) (2 år)	Repr barnehage (priv) (1 år)	Repr barnehage (komm) (1 år)
	Repr barnehage (komm) 2 år	

Nominasjon av kandidatar og val av representantar:

Nominasjon:

FAU ved alle skular og barnehagar i kvar krins nominerer representantar til kommunalt FAU. Dette kan vere representantar som er engasjert i FAU i dag, men ein kan også nominere andre foreldre som har eit engasjement for barn og unge, kravet er at ein har barn i barnehage/skule i den perioden ein er nominert for. Det er viktig å få spreing på representantane, at dei kjem frå ulike nærmiljø. Melding om nominasjon vert sendt til dina.dyrhovden@lindas.kommune.no innan **01.06.17**.

Val:

Det vert kalla inn til felles valmøte innan 01.09.17. Til valmøtet vert det kalla inn dei nominerte og 3 representantar frå FAU ved kvar barnehage/skule.

Konstituering:

Det vert kalla inn til kontituerande møte i K-FAU same dag som valmøtet. Leiar for K-FAU vert valt for 1 år om gangen. Saklista til møtet er konstituering, møteplan og aktuelle saker til neste møte.

Sekretariat:

Rådmannen legg til rette for sekretariatfunksjon ved at rådgjevar for oppvekst har skivarfunksjon, set opp innkalling og sakliste i samarbeid med leiar og legg elles praktisk til rette for møtene.

Statuttar og retningslinjer: Er under utarbeiding.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Dina Dyrhovden
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mandat:

Kommunalt foreldreutval for barnehagar og grunnskular (KF) i Lindås kommune

Målsetjing

Intensjonen med KF er å styrkje samarbeidet mellom føresette og kommunen. Det kommunale foreldreutvalet skal ivareta interessene til alle føresette med barn i barnehage og grunnskule i kommunen. Det skal vere ein formell arena for samarbeid, dialog og rådgjeving mellom føresette, rådmann og politisk nivå.

Mynde og ansvar

KF skal arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage/skule, og skal ivareta føresette sine interesser ovanfor rådmann og politisk nivå. Rådmannen nyttar KF som høyringsorgan i saker som er

relevante for tenesta, og kallar inn til møte etter fastsett møteplan samt ved ekstraordinære behov. Rådet kan fatte rådgjevande vedtak når føresette ønskjer det. Rådmannen legg til rette for ein sekretariatsfunksjon for medlemmene i KF.

Samansetjing og funksjonstid

Kvar krins i kommunen kan stille med tre-fem foreldrerepresentantar i utvalet. Stab oppvekst førebur prosess for val av representantar til utvalet, som inneber informasjon til FAU og SU, høve til å sende inn nominasjonar samt gjennomføring av valmøte. Representantane skal bestå av foreldrerepresentantar frå kommunal barnehage, barneskule og ungdomsskule, samt privat skule og barnehage. Det skal vere eit konstituerande møte innan 1.november kvart år.

Funksjonstida er sett til 2 år. Ved første gongs etablering bør halve gruppa veljast for 1 år. Dette for å sikre kontinuitet i arbeidet.

Arbeidsform

Kommunalt foreldreutval skal ha minst eitt fast møte kvar haust og vår.

Kopi av innkalling og sakliste samt referat skal vere tilgjengeleg på heimesida til Lindås kommune.

Mottakarar:

Alversund Montessoribarnehage AS	Alvermarka	5911	ALVERSUND
Alversund skule			
Barnas Barnehage Lindås AS	Hundvinsvegen 5	5956	HUNDVIN
Eikanger skule			
Haugen barnehage			
Juvikstølen barnehage			
Kløvheim Foreningsbarnehage	Kløve	5913	EIKANGERVÅG
Kløvheim skule			
Knarvik Barnehage AS	Lonsvegen 76	5914	ISDALSTØ
Knarvik barneskule			
Knarvik ungdomsskule			
Kolås barnehage			
Leiknes Fus Barnehage AS	Storneset	5915	HJELMÅS
Leiknes skule			
Lindås barneskule			
Lindås ungdomsskule			
Lykkeliten Barnehage	Leitet 3	5911	ALVERSUND
Myking skule			
Natås Barnehage Sa	Sæveråsvegen 250	5957	MYKING
Ostereidet barneskule			
Ostereidet Fus Barnehage AS	Ørnnova 1	5993	OSTEREIDET
Ostereidet ungdomsskule			
Seim Barnehage Sa	Lurevegen 171	5912	SEIM
Seim skule			
Skodvin skule			
Smilehullet Familiebarnehage Anne Mari Arnesen	Hilland	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Solhaugen Barnehage Sa	Storbruhaugen 14	5955	LINDÅS
Trollskogen Barnehage Ikenberget Sa	Stølen 13	5911	ALVERSUND
Wilhaven Familiebarnehage Ans		5955	LINDÅS